

Referat frå FAU ved Hognestad skule 01.09.26

Påtroppande styre:

Lars Taksdal, 1.trinn

Eva Madeleine Auglend, 2.trinn

Nils Bø, 3.trinn

Ingrid Underhaug Nielsen, 4.trinn

Kristian Hognestad, 5.trinn

Heidi Sortland, 6.trinn

Hege Haugland, 7.trinn (representert ved vara i dag)

Avtroppande styre:

Silje Fosse, 2.trinn

Helene Hognestad, 4.trinn

John Sægrov Holm, 6.trinn

Sak 1. Konstituere FAU

Kristian blei valt som leiar og Ingrid blei valt som nestleiar. Eva Madeleine som sekretær.

Sak 2. Val av representantar for SU

Leiar og nestleiar er med i SU. Vara for Ingrid er Eva Madeleine og vara for Kristian er Nils.

Sak 3. Datoar for FAU

Oppsett av datoar for FAU skuleåret 2026-2027:

Tysdag 01.09 kl. 18.00-19.30 + SU

Tysdag 13.10 kl. 18.00-19.30

Tysdag 24.11 kl. 18.00-19.30 + SU

Tysdag 09.02 kl. 18.00-19.30 + SU

Tysdag 13.04 kl. 18.00-19.30

Tysdag 25.05 kl. 18.00-19.30 + SU 18.00-19.30

Sak 4. Utviklingsplan

Skulen held hovudtrykk på motivasjon og vurdering. Undervisninga skal vere PRUV: praktisk, relevant, utfordrande og variert. Elevråd og FAU er informert og har uttalt seg om planen.

Sak 5. Trygt og godt skulemiljø.

Skulen arbeider kontinuerleg for at elevane skal ha det trygt og godt. Føresette skal enkelt kunne varsle dersom det er elevar som ikkje har det trygt og godt. Rektor har plikt til å iverksette ei undersøking og handle med ein gong dersom det kjem inn ei melding.

Sak 6. LLE

LLE står for laget rundt lærarane og eleven. Består av helsesjukepleiar og PPT-kontakt, SFO-leiar og rektor. Laget skal arbeide førebyggjande. Det er to møter i månaden (lag 1 og 2), kor det er ulike innsatsområde.

Sak 7. Sosialt for klassen.

Skulen ønskjer eit sosialt treff ein gong før jul og ein etter, og det skal vere utanfor skuletida. Det kan vere for klassen eller to klassar saman. Til dømes spelekveld og/eller kveldsmat på skulen, grøt ute, grilling, boksen av saman med føresette eller berre for elevane med eit par tre føresette med.

FAU har litt midlar og ynskjer å bruke dette på premie til elevane etter trafikkampanje som skulen skal ha i haust.

Ei enkel og god gjennomføring av dette kan være at alle klassane får ein ettermiddag på bowlinga betalt av FAU, gjennomført med tredeling av klassane etter alder. Dette må skje etter at trafikkampanjen er ferdig slik at elevane kan arbeide mot å få denne premien. FAU/Foreldre tek heile ansvaret for gjennomføringa av samlingane.

Sak 8. Foreldremøte.

Det blir foreldremøte onsdag 23.09 og onsdag 03.03.

7. trinn har tysdag 22.09 på Bryne skule saman med Bryne skule sitt 7. trinn. Sterk og Klar leder dette. Dette varer 2 timer.

FAU har mykje av ansvaret for foreldremøtet til våren. Tenk på tema og eventuelle føredragshaldarar.

Sak 9. Mapahoneyløp 14. september kl. 17.00-18.30.

Løpet var planlagt onsdag 09.09, men kan ikkje ha løpet denne dagen grunna gravferd for kongen. Ny dato blir måndag 14.09.

Kven gjer kva? *Sjå eige ark for gjennomføring og fordeling av oppgåver.*

Alle elevar må ha hjelm.

Sak 10 Anna

Status på personale frå rektor

Trafikktryggleik

Trafikksikringsplan i Time blei sett i verk i 2017 med Time som trafikksikker kommune. Nå skal kommunen re-sertifiserast/ha ny plan.

Trafikkdagen blir fredag før haustferien, 02.10. Det er greit for FAU at skulen spør ut om hjelp til vakter og koking av pølser. FAU betalar pølser og saft til alle etterpå.

Skulen melder seg på hjertesone-kampanjen til Trygg trafikk. Føresette vil få eit skriv om kva det inneber og oppmoding om å la elevane sykla eller gå til skulen, og passa på trygg av og påstiging. FAU stiller med vakter til trafikkdagen og premie etter kampanje (ref. Sosialt for Klassen).

Gravferd for kongen onsdag 9. september

Heile landet markerer gravferda med eitt minutts ro kl. 13.00. Skulen har opplegg rundt dette og FAU støttar dei små tilpassingane som dette krev (går ut eiga melding i Visma)

Parkering ved porten

Det skal alltid vere fri passasje inn til skulen. Ingveig minner om dette på foreldremøtet.

AL – nominering

Elevane nominere kvarande i klassen. FAU ønsker at dei ansvarlege vaksne passer på at det er god rotasjon på kven som får vera AL dei ulike år; når fleire er kvalifiserte og har lyst.

Branntilsyn.

Det er bestemt at TG 3-avviket om rømmingsveg frå bibliotek og M&H skal utbetrast. Det blir truleg ombygging i november.

Ref.

Eva Madeleine